



TILSTANDSRAPPORT FOR
GRUNNSKULEN I GISKE
SKULEÅRET 2021-22



Om tilstandsrapporten

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Desse har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten:

Medverknad i utarbeidinga av rapporten	Ja	Nei
Elevar		x
Foreldre (Kommunalt FAU)	x	
Organisasjonane	x	
Skular	x	
Administrasjonen i kommuna	x	
Politikarar i kommuna	x	

Innhald

1. Kvalitetsplan for oppvekst.....	s. 3
2. Innleiing	s. 4
3. Hovudområde og indikatorar.....	s. 6
3.1 Elevar og undervisningspersonale.....	s. 6
3.1.1 Talet på elevar og lærarårsverk.....	s. 6
3.1.2 Lærartettleik.....	s. 7
3.2 Læringsmiljø.....	s.10
3.2.1 Elevundersøkinga.....	s.10
3.2.2 Mobbing på skulen.....	s.12
3.3 Resultat.....	s.14
3.3.1 Nasjonale prøver 5.klasse.....	s.14
3.3.2 Nasjonale prøver ungdomsskulesteget.....	s.18
3.3.3 Karakterer og grunnskulepoeng.....	s.23
4. Gjennomføring	s.26
5. Spesialundervisning.....	s.27
6. Konklusjon	s.28

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskot

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål

1. Kvalitetsplan for oppvekst

Arbeidet med ny Kvalitetsplan vart starta opp. I tråd med nye styringssignal er hovudfokuset inkluderande praksis. Kvalitetsplanen frå 2018-2021. Dette er ei vidareføring av arbeidet med Livsmestring som er prioritert område for Kvalitetsplanen for 2018-21. Kommuneplanen sitt motto «Samspelskommunen»-peikar på kor avgjerande det er at alle partar i barn sin oppvekst spelar saman på best mogleg måte. I tråd med nye styringssignal m.a Kompetanseløftet, Oppvekstreform og Revidert Læreplan er fokuset å forankre ein visjon og ei forståing av ein betre inkluderande praksis. Tverrfagleg samhandling vert og eit viktig fokusområde i den nye Kvalitetsplanen.



I Giske kommune er fokuset i planperioden inkluderande praksis. Vi har eit ønske om at kvart barn i barnehage og skule skal erfare «**Det var bra eg kom**».

For å nå dette målet er det viktig at tilsette i oppvekst i Giske kommune **forankrar ein visjon og forståing av inkluderande praksis i arbeidet med barn og unge**.



**I Giske kommune: 5 skular:
4 barneskular og ein ungdomsskule:**

Godøy skule:	129 elevar
Giske skule:	88 elevar
Valderøy barneskule:	434 elevar
Vigra skule:	189 elevar
Giske ungdomsskule:	369 elevar

Gsi-tal pr. 01.okt 2021.

2. Innleiing

Gjennom skuleåret 2021/2022 er det sett ei samla og tydeleg retning for oppvekstsektoren i Giske kommune, knytt til inkluderande praksis gjennom Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk. Visjonen «Det var bra eg kom» er fagleg og politisk forankra, som eit mål for korleis elevane, foreldra og dei tilsette skal erfare møtet med oppvekstkommunen Giske. Tema for felles fagdag for alle tilsette i skulane i Giske var inkluderande praksis med David Mitcell sin 10 faktorar og pedagogisk analyse(LP) som kunnskapsgrunnlag.

Hausten 2021 blei det igangsett ei systematisk leiaropplæring finansiert gjennom KS og levert av IMTEC.

Formålet er auka kompetanse og kapasitet til å leie og utvikle kunnskapsbedrifter som skulane er. Denne opplæringa er planlagt avslutta vår 2023.

I august åpna Giske ungdomsskule dørene for eit samla ungdomstrinn, etter eit omfattande samarbeid mellom tilsette på Godøy skule og det som til då var Valderøy ungdomsskule.

I november vart elevane frå 1.-7. trinn samla på Godøy skule etter ein krevjande struktur-, ombygging- og flytteprosess.

Også dette skuleåret var eit pandemiår, med korona- utbrot i einingane som førte til utfordringar knytt sjukefråver hos elevar, så vel som for tilsette. Giske kommune prioriterte, som ein av få kommunar i landet, tilsette i oppvekst for koronavaksine. Først til dei som jobba tett på dei mest sårbare barna, så alle tilsette i oppvekst innan utgangen på august 2021.

Knytt til Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk er det gjennomført kompetansekartlegging hos alle som arbeider med barn og unge i Giske kommune. KOSIP-undersøkelsen vart iverksett i regi av Regionrådet og gjennomført av HIVo. Kompetanse knytt til åtferd som utfordrar, kom ut som den kompetansen det var stort behov for, så tiltak vart igangsett for å auke denne kompetansen. Det er innleia eit samarbeid med T. Wårheim i samband med denne kompetanseutviklinga.

Skuleåret 2021/2022 var gjennomført utan tilstrekkeleg rammer for lovleg drift. Giske kommune er Robekk-kommune. Det var brot på lærarnorm med vel 3,5 stilling, det mangla opplæring i faga fysisk aktivitet og symjing. Elevane fekk heller ikkje leksehjelp. Situasjonen gjekk særleg ut over kvalitet og omfang av tidleg innsats, med følgjevanskane dette medfører.

Grunna sjukmeldingar i leiargruppa i Oppvekst frå seinhausten 2021 blei det konstitueringar på rektor og avdelingsleiarnivå. Dette innbar flytting av skuleleiarar mellom einingane og også mellom leiarnivåa. Dette har vore krevjande og også lærerike prosessar. Konstitueringane har bidratt til å støtte ei felles retning for oppvekstsektoren med fleire «vi» enn «oss og dei». Skuleeigar er takksam for velvilja tilsette har vist til å ta desse ekstra utfordringane som dette har vore!

Frå hausten 2022 har vi og hatt eit felles kommunalt FAU (KFAU) der alle leiarane for dei ulike foreldrearbeidsutvala sit. Dette har vore eit svært viktig bidrag for å etablere samarbeidet om felles retning i kommuna.

Våren 2022 kom det pålegg frå Statsforvaltaren om loveg drift i grunnskule. Der blei det fastslått at krevjande økonomi ikkje gir grunnlag for å for å prioritere grunnskule *under* lovleg drift. Kommunestyret vedtok, og løyvde også midlar til lærarnorm, symjeopplæring, leksehjelp og faget

fysisk aktivitet frå august 2022. Skuleleiarane erfarte likevel ikkje tilstrekkelege rammer til å drive ein god nok tidleg innsats etter Opplæringslova § 1-4. Det er eit uttalt mål å redusere omfanget av spesialundervisninga i Giske kommune, noko som forutset ein styrkar tidleg innsats og Kompetanseutvikling i det allmennpedagogiske

Styringsgruppe for inkluderande praksis vart etablert for å kunne halde effektiv og tverrfagleg kurs for inkluderingsarbeidet.

TALK- etablerte ungdomsgruppe og foreldregrupper, knytt til ungdom med høgtfungerande autisme.

Det vart gjennomført tilsyn på spesialundervisning ved ein av barneskulane, noko som blei brukt til læringspunkt og grunnlag for praksisendring for heile oppvekstsektoren.



3.Hovudområde og indikatorar

3.1 Elevar og lærarar

3.1.1 Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar: Indikatoren omfattar barn og unge som etter Opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringen ved ein grunnskule. Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskular pr. 1.oktober det aktuelle skuleåret.

Talet på undervisningspersonale: Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Indikatoren opplyser om antal elevar pr berekna årsverk til undervisningen. Årsverka er berekna ved å dividere årstimer på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnetrinnet og 656 timar på ungdomstrinnet.

Lokale mål: * I planperioden skal Giske kommune arbeide for å oppfylle formell kompetanse i barnehage og skule.

* Barnehagelærarane og lærarane i skulen si kompetanse i realfag skal forbeistrast.

Giske kommune (EIGAR) | Antal elevar og årsverk| (Kjelde GSI)

Indikator og nøkkeltal	2019-20	2020-21	2021-22
Talet på elevar	1177	1199	1209
Årsverk for undervisningspersonalet	108,3	102,27	107,76
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	93,3	90,55	94,9

Giske kommune, Grunnskule, Antal elevar, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigar si eigenvurdering:

Målet om at alle som underviser i grunnskulane i Giske skal ha godkjend utdanning er ikkje nådd, men vi ser ei positiv utvikling. Vi har dette året hatt 7 lærarar på vidareutdanning i realfaga, norsk, engelsk og spesialpedagogikk gjennom Kompetanse for kvalitet (Udir). Det er og stort fokus i tilsettingsprosessane for nye lærarar at dei fyller kompetansekrava for fag dei skal undervise i. Dette må kommunen fortsette å prioritere skal vi nå målsettinga. Dette gjeld og i faget spesialpedagogikk der i vi treng lærarar med utdanning i faget (jmf Kosip).

2021-22	1.-7.årstrinn (20/21 i parantes)			8.-10.årstrinn			
Fag:	Minst 30 stp i faget:	0-29 stp i faget	Sum lærarar som underviser i faget	Minst 60 stp i faget	30-59 stp i faget	0-29 stp i faget	Sum lærarar som underviser i faget
Norsk	52	1	53	14	0	0	14
Samisk							
Norsk teiknspråk	0	1	0	1	0	0	1
Matematikk	46	4	50	4	2	1	7
Engelsk	28	2	30	13	1	0	14

3.1.2 Lærartettleik

Indikatoren viser lærertettleik i ordinær undervisning. Lærertettleik er definert som forholdet mellom elevtimar minus timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring og ordinære undervisningstimer pluss oppdeling til samiske språkalternativer. Dette er ein indikasjon på elevar per lærar i ordinær undervisning, og ressurser til spesialundervisning og undervising i særskild norsk reknast ikkje med. Jmf Lærarnorma (frå 1.aug. 2018, med justerte tal frå 1.aug. 2019) skal det no vere **maksimum 15.elevar pr. lærar i 1.-4.klasse** og **maksimum 20 elevar pr. lærar 5.-7.klasse og i 8.-10.klasse**. Norma gjeld innanfor kvart hovudtrinn ved kvar enkelt skule.

Lokale mål:

Giske kommune har som mål å oppfylle lærarnorm, ha fokus på tidleg innsats og å gi god tilpassa opplæring i heile grunnskulen.

Tabellen nedanfor er samanstilt av data frå kalkulator for lærarnorm på GSI. Kolonna «margin» viser kor mange årsverk

1.-4			5.-7.		8.-10.		
	Gruppestorleik	"Margin"	Gruppestorleik	"Margin"	Gruppestorleik	"Margin"	SUM "margin"
Giske skule	15,4 (15,2)	-0,1	12,9 (9,8)	0,9			0,8
Godøy skule	17,3 (15,9)	-0,7	15,51 (16,8)	0,7	(20,1)		0
Valderøy barneskule	16,4 (15,8)	-1,3	18,7 (22)	0,7			-0,6
Giske ungdomsskule					21,6	-1,8	-1,8
Vigra skule	15,83 (17,1)	-0,3	14 (18,6)	1,5			1,2

skulen har meir eller mindre enn lærarnorm. Negativt tal viser at skulen har for få årsverk på trinnet det gjeld. Lærarnorma er bindande innanfor kvart hovudtrinn.

Lærartettleik for skulane i Giske kommune 1.oktober 2021 (kjelde GSI) Tala i parantes er frå 1.okt. 2020

Summeringa viser at vi samla sett ikkje har ressursar til å oppfylle lærarnorma i Giske kommune.

Skuleeigar si eigavurdering:

Lærarar, fagarbeidarar, leiarar og andre tilsette i Giskeskulen har strekt seg lenger enn nokon kan forvente gjennom nok eit krevjande skuleår med stramme rammer og store krav til omstilling og raske skifte. Den økonomiske situasjonen i Giske kommune (Robek) har medført at elevane i Giskeskulen ikkje har fått ei fullverdig opplæring i tråd med lov og regelverk, lokale og nasjonale styringssignal.

Elevane i Giske har også dette året mangla opplæring i symjing, fysisk aktivitet, og det har heller ikkje vore tilbod om leksehjelp.

Når skulane har drift under lærarnorm har det vore krevjande å få til tidleg innsats, noko vi veit reduserer læringsutbyttet, spesielt for barn og unge med bruk for utviklingsstøtte. Vi har og sett ei *auke i vedtak i spesialundervisning gitt i løpet av skuleåret fordi elevar ikkje hatt hatt eit tilfredstillande utbyte av skuletilbodet. Vi fryktar også at denne situasjonen gir auka behov for spesialundervisning, både på (kort og) lang sikt.*

Giske kommune fekk våren 2022 varsel frå Statsforvaltaren om å rette brot på lærarnorm. Dette blei politisk behandla og førte til vedtak om å auke ramma. Vi gjennomføre symjing for prioriterte klassetrinn i samarbeid med Bybadet i Ålesund og Symjing utandørs i samband med Giske vassportklubb. Dette er eit samarbeid vi vil halde fram med i skuleåret 2022-23 då vi ikkje har eigne basseng i Giske.

Avvika om lovleg drift, gjer i tillegg til å ramme elevane – noko med motivasjonen til dei tilsette. Vi ser *også dette året* auka slitasje hos tilsette i oppvekst og og auke i sjukmeldingar.

Trass i dette har vi ved å jobbe saman på leiarsida klart å sette felles fokus og retning på arbeidet vårt.

Tabellane under viser utviklinga i lærartettleik dei tre siste skuleåra.

Giske kommune (EIER) | Lærertetthet 1.-4. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Lærertetthet 5.-7. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Lærertetthet 8.-10. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

3.2 Læringsmiljø

Lokale mål:

Giske kommune sine mål for miljøet i skule og sfo:

Alle tilsette, barn og føresette skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Alle vaksne skal ha ei tydeleg nulltoleranse mot mobbing.

- *Skulen skal raskt gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering når dei vert gjort kjende med slike problem.
- *Skulen bruker kommunale retningslinjer for korleis mobbesaker skal handsamast.
- *Skulen skal gje elevar og føresette god informasjon om dei rettane barnet deira har i saker som handlar om mobbing eller andre krenkingar.

3.2.1 Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigar og skuleleiarar å gjennomføre elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. klasstesteg. Resultata frå Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppfatning av eigen læringsssituasjon. Ein del av spørsmåla i elevundersøkinga er sette saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

***Støtte frå lærarane:** indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane

***Vurdering for læring:** indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring


***Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassa, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.

***Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervsining, lekser og arbeid på skulen.

***Elevdemokrati og medverknad:** indeksen viser elevane si oppleving om de er mogleg å medverke i arbeidet med faga, om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeidet.


***Andel elevar som har blitt mobba(prosent)** Sjå eige diagram Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobba,- som er i prosent.

Giske kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 7. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Årgang	Indikator	Giske kommune		Møre og Romsdal		Nasjonalt	
		7.trinn	10.trinn	7.trinn	10.trinn	7.trinn	10.trinn
2021-22	Motivasjon	3,4	3,3	3,5	3,4	3,6	3,4
2020-21	Motivasjon	3,7	3,2	3,6	3,4	3,7	3,5
2019-20	Motivasjon	3,5	3,4	3,7	3,4	3,8	3,4

Årgang	Indikator	Giske kommune		Møre og Romsdal		Nasjonalt	
		7.trinn	10.trinn	7.trinn	10.trinn	7.trinn	10.trinn
2021-22	Trivsel	4,2	4,1	4,1	4,1	4,2	4,1
2020-21	Trivsel	4,2	4,1	4,1	4,1	4,2	4,1
2019-20	Trivsel	4,1	4,2	4,2	4,2	4,3	4,1

Skuleeigar si vurdering:

Eit overordna mål eit at alle skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Skuleleiar har elles ikkje lokale mål på desse områda. Betre fagleg inkludering er satsingsområde frå hausten 2023. Både mestring, motivasjon og trivsel vil vere ein del av dette arbeidet og heng nøye saman.


Dei fleste elevane i Giskeskulane trivast og det er framleis svært viktig å arbeid godt og systematisk med målsettinga om eit trygt og godt skulemiljø. Eit miljø der elevane erfarer mestring både fagleg og sosialt. Utvikling av tydeleg klasseleing er ein sentral del av dette arbeidet.

Vi registrerer med bekymring at tala for motivasjon er lave for Giske. Dette er og ei nasjonal utfordring og er eit område som får fokus både i satsingar og forskning.

3.2.2 Mobbing på skulen(prosent)


Mobbing på skulen viser prosentdelen elevar som svarar at dei vert mobba av medelevar, mobba digitalt(på skulen) og/ eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skulen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gongar i månaden», «omtrent 1 gong iveka» og «fleire gongar i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Giske kommune (EIER) | Mobbing på skolen 7. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Mobbing på skolen 10. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Sjølv om dei fleste elevane trivast, erfarer vi og at ikkje alle elevar har det bra på skulen. Elevundersøkinga viser ei alvorleg auke av elevar som opplever seg mobba;- både på barneskulane våre og på ungdomsskulen.

Mobbing, utestenging og trakassering frå grupper av elevar viser seg å gå utover enkeltelevar.

Oppvekst og kommunalt FAU starta våren 2022 eit samarbeid om sterkare foreldreinvolvering omkring barn og ungdom i Giske kommune med uønska adferd, og et tettere samarbeid mellom barnehage, skole og foreldregruppene. Dette arbeidet har KFAU vore ein pådrivar for, og det har vore jobba mykje med både våren 2022 og vidare arbeid er planlagt for hausten.

Frå hausten 2021 er det teke ibruk ein felles *Handlingsplan for eit godt og trygt skulemiljø* med vekt på førebygging og fokus på å bygge relasjonar til elevane og felles rutiner i arbeidet. For å nå målsettinga om å gripe raskt inn er det viktig å ha ei felles forståing for kva *det* betyr og korleis gripe inn. Dette slik at alle elevar erfarer at dei vert tatt på alvor. Arbeidet vil fordre kontinuerleg fokus for å få til ei felles forståing for. Handlingsplanen har jamleg vore på dagsordenen både i leiargruppene, samarbeidet med ppt og på skulane.

Det tek tid å implementere ein plan. Det har vi erfart. Felles fokus i leiargruppa har vore til hjelp for arbeide jamt med dette. Dette har vi opplevd som ein styrke.



3.3 Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal mestre **grunnleggande ferdigheiter**. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidsliv.

På 5.trinn vert elevane plasserte på 3 meistringsnivå der meistringsnivå 1 er lågast. På 8. og 9. trinn vert elevane plasserte på 5 meistringsnivå. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Skalapoeng: Resultata frå nasjonale prøver blir publisert på ein skala der det nasjonale gjennomsnittet er 50 skalapoeng. Elevane vert utifrå antal skalapoeng fordelt på ulike meistringsnivå.


3.1.1 Nasjonale prøver 5.klasse

Rekning: [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål:

- *Barn og unge sin kompetanse skal forbetrast gjennom fornying av faga, betre læring og auka motivasjon
- *Andelen barn og unge på lavt nivå i matematikk skal reduserast.
- *Fleire barn og unge skal prestere høgt på avansert nivå i realfag.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.


Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 5. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Giske kommune (eigar) Skalapoeng Rekning 5. trinn | Geografisk samanlikning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Skuleeigar si vurdering


Dette året ser vi ei positiv utvikling. Det er likevel viktig halde fram med arbeidet som er gjort for å oppnå å redusere barn og unge på lavt nivå og auke andel på mestringsnivå tre. Utfordring med ikkje oppfylt lærarnorm har også dette året gått utover mulegheita for å raskt sette inn ekstra ressursar når vanskar vert avdekkja. Det er blitt sett i gang tiltak for å arbeide med betre omgrepsforståing – og systematisk kartlegging av rekneferdigheitene og tilpassa tiltak på 1.- 2.trinn – gjeldande frå hausten 2022. (BU-modellen) Evaluering viste oss at dette arbeidet må fyljast tettare opp av skuleleiar. Med fagsamlingar, nettverk mm. Dette er og eit langsiktig arbeid og vil ta tid før det visast på nasjonale prøver.

Lesing 5.trinn [Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](https://udir.no)

Lokale mål:

- *Barn og unge som strevar med språk, lesing og skriving, skal raskt identifiserast og fyljast opp med effektive tiltak.
- *Andelen elevar med svake lese- og skriveferdigheiter skal reduserast.
- *Andelen elevar med svært gode lese- og skriveferdigheiter skal aukast.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.


Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 5. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Giske kommune (eigar) | Skalapoeng Lesing 5. trinn | Geografisk samanlikning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn


Skuleeigar si vurdering:

Dette året ser vi ei auke i elevar som er på det høgaste mestringsnivået. For tidleg å seie om dette er ein del av ein ønska positiv utvikling over tid. Det vert viktig å identifisere kva tiltak som har gitt auka resultat og korleis arbeide med det. Systematisk arbeid med omgrepslæring (BU-modellen) på 1.-2.trinn vert viktig for god tilrettelegging og tidleg innsats ved å styrke den ordinære opplæringa. Dette arbeidet startar i klassene frå hausten 2022. Kommuna har utarbeida ein felles plan for dette arbeidet. Dett er eit langsiktig arbeid. Dette og tiltak som «På sporet» er sett inn for å auke leseferdigheitene. Opplæring i kartleggingsverktøyet Logos har og gjort at fleire elevar med vanskar er blitt oppdaga tidlegare. Viktig at og dette arbeidet blir følgt tett opp av skuleeigar.

Engelsk 5.trinn [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål: Det er ikkje sett opp lokale mål for perioden.


Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 5. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Giske kommune (eigar) | Skalapoeng Engelsk 5. trinn | Geografisk samanlikning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Skuleeigar si vurdering:

Det er ikkje sett opp lokale mål for perioden, men tabellen viser at det vert jobba godt over tid med engelskopplæringa. Barneskulane manglar framleis lærarar med nok utdanning (30 studiepoeng) i engelsk. Dette vart prioritert i studietilbodet i Kompetanse for kvalitet for neste skuleår for Giske kommune.


3.3.2 Nasjonale prøver ungdomstrinn

Rekning [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål:


- *Barn og unge sin kompetanse skal forbedrast gjennom fornying av faga, betre læring og auka motivasjon
- *Andelen barn og unge på lavt nivå i matematikk skal reduserast.
- *Fleire barn og unge skal prestere høgt på avansert nivå i realfag.
- *Elevlar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.
- *Elevane på ungdomstrinnet skal skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver.

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 8. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn


Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 9. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Giske kommune (eigar) | Skalapoeng Regning 8. trinn | Geografisk samanlikning


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Regning 9. trinn | Geografisk sammenlikning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Skuleeigar si vurdering:

Vi har over lang tid sett at det er nødvendig å gjere noko med resultatene i høve rekning. Resultatene over tid viser at vi ikkje har nådd målsettingane i Kvalitetsplanen for oppvekst for perioden (2018-2021). Tiltaka for barnetrinnet som beskrive under 5.trinn har som målsetting at det systematiske arbeidet skal gi resultat på sikt også for ungdomstrinnet. Skuleeigar har og godkjent at fleire får ta vidareutdanning i realfaga frå hausten 2022. Likevel må det gjerast eit arbeid for å identifisere årsakene til svake resultat og finne eigna tiltak. Mulegheit for å sette inn tiltak tidlegare m.a gjennom ein «kursmodell» var eit av tiltaka som vart valgt i evalueringa med Kvalitetsplanen 2018-2021. Jamleg fokus på innhaldet i undervisninga vår i dei ulike profesjonsmiljøa på skulane er viktig;- kva verkar av det vi gjer?


Målet for rekning på ungdomstrinnet om å skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver er ikkje nådd for 8.trinnet, men vi ligg på landsgjennomsnittet for 9.trinn.

Lesing [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål:


- *Barn og unge som strevar med språk, lesing og skriving, skal raskt indentifiserast og følgast opp med effektive tiltak.
- *Andelen elevar med svake lese- og skriveferdigheiter skal reduserast.
- *Andelen elevar med svært gode lese- og skriveferdigheiter skal aukast.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.
- *Elevane på ungdomstrinnet skal skåre på eller over landsgjennomsnittet på nasjonale prøver.

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 8. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn


Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 9. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Giske kommune (Eigar) | Skalapoeng Lesing 8. trinn | Geografisk samanlikning


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

Giske kommune (Eigar) | Skalapoeng Lesing 9. trinn | Geografisk samanlikning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Skoleeigar si vurdering

Målet for lesing på ungdomstrinnet om å skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver er nådd for 8. og 9.trinnet. Likevel vil det vere viktig å arbeide vidare med å identifisere faktorar som bidreg til å løfte elevar frå eit meistringsnivå til eit anna.


Sjå elles vurderingar som er gjort i forhold til langsiktig arbeid med BU og fokus på innhaldet i opplæringa i profesjonsmiljøa våre.

Engelsk 8.trinn [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

*Elevane på ungdomstrinnet skal skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver.


Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 8. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Giske kommune (eigar) | Skalapoeng Engelsk 8. trinn | Geografisk samanlikning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Skuleeigar si vurdering:

Målet for engelsk på ungdomstrinnet om å skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver er nådd for 8.trinnet.

3.3.3 Karakterer og grunnskulepoeng


Lokale mål for faga norsk, engelsk og matematikk

*Elevane skal ligge på eller over nasjonalt snitt

*Det skal vere stor grad av samsvar mellom eksamenskarakter og standpunktkarakter.

Norsk standpunkt [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Giske kommune (eigar) | Norsk hovudmål standpunkt | Geografisk samanlikning




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Det blei ikkje gjennomført skriftlege eksamener skuleåret 2019-20/2020-21 og 2021-22

Engelsk standpunkt [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)


Giske kommune Engelsk standpunkt | Geografisk samanlikning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Matematikk [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Giske kommune | Matematikk standpunkt | Geografisk samanlikning




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Giske kommune Grunnskulepoeng | Geografisk samanlikning

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbytte for elevar som får sluttverdering med karakter. Karakterane vert brukte som kriterium for opptak i vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterar som førast på vitnemålet, leggast saman og delast på antal karakterar og gonga med 10.

Dersom det maglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven.

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering:

Dei siste åra har vi skåra over eller på landsgjennomsnittet. Grunnskulepoeng er kriteriet som vert brukt når elevar skal konkurrere om plass i vidaregåande skule. Det er likevel verd å bruke dette kriteriet med varsemd.

Dei siste 3 åra har alle eksamener for elevar i grunnskulen vore avlyst. Det kan vere utfordrande å korrigere vurderingspraksis på eigen skule. Sensorskulering har vore ein viktig bidragsyter i dette arbeidet. Derfor er det viktig at lærarane våre i ungdomsskulen tek på seg sensor oppdrag både i skriftlege og munnlege fag. Nye vurderings- og eksamensformer utfordrar oss og. Dette blir eit viktig fokusområde framover.



4.Gjennomføring [Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål:

Alle barn som veks opp i Giske skal gjennomføre vidaregåande skule med fullført vitnemål eller kompetansebevis.

Giske kommune (eigar) | Overgangar fra grunnskule til VGO | Eigne tal

År	Giske kommune (Eigar)	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2021	98,3	98,2	97,9
2020	97,0	98,8	98,2
2019	99,1	98,3	98,0
2018	99,0	97,8	98,0
2017	99,1	98,8	98,1
2016	100,0	98,9	98,4

Giske kommune (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Skuleigar si vurdering:

Vi registrere ei positiv auke i prosent av elevar i overgangen frå grunnskule til vidaregåande. Dette er ei utvikling vi ønsker. Tendensen vi ser for aukande bekymringsfullt fråver i skulen er viktig å ta på alvor og følge tett opp i det vidare arbeidet;- både på skulenivå og på kommunenivå. Her må vi satse felles og ikkje minst få ei felles forståing for kva som er bekymringsfullt fråver slik at vi kan setje inn tiltak tidleg. Tett tverrfagleg samhandling med helsejukepleier med fleire er nødvendig for å lukkast med dette.

5. Spesialundervisning og inkluderende praksis.

Nøkkeltal spesialundervisning	Giske				Landet		Møre og Romsdal	
	2019	2020	2021	2022	2021	2022	2021	2022
Elevar i kommunale og private grunnskular som frå spesialundervisning % (Nøkkeltal statistikkbanken)	12,0 %	9,4%	9,7%		7,9%			
Elever i kommunale skular som får spesialundervisning (Kilde GSI)				10,84%		7,8%	9,6%	9,7%

Det er eit uttalt mål fagleg og politisk å redusere omfanget av spesialundervisninga i Giske kommune.

Å heve kvaliteten på det ordinære tilbodet og gjere det meir inkluderande er heilt i tråd med nasjonale føringar (m.a Nordahlutvalget sin rapport *Inkluderande fellesskap*) Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk. Dette forutset at ein styrkar arbeidet med tidleg innsats og driv systematisk kompetanseutvikling i det allmennpedagogiske.

Tabellen over viser ei auke i spesialundervisninga i Giske i perioden. Dette forstår vi som knytt til skuledrift under lærarnorm som har bidrege til at elevar ikkje har hatt tilfredstillande utbyte av opplæringa. Noko av det vi ser er ei auke i små vedtak vi tenkjer kunne vore løyst innanfor området tilpassa opplæring om det hadde vore nok ressursar.

Ei av målsettingane dette året har vore å gi leiargruppene i barnehage og skule opplæring i analysemodellen (LP). Dette for å auke kompetansen i analysere tiltak som kan fremje god opplæring.

Styringsgruppa for inkluderande praksis vart etablert for å kunne halde effektiv og tverrfagleg kurs for inkluderingsarbeidet. Dette er ei satsing for heile oppvekstområdet, noko vi ser som ei styrke. Her får vi rettleiing av Statped. Det har vore svært nyttig i forhold til å halde fokusområde.

Tilsynet frå Statsforvaltaren innanfor området spesialundervisning ved Valderøy barneskule, brukte vi til felles læringspunkt. Noko av dette arbeidet førte m.a til endra rutiner;-m.a til ei tydeleggjering av eleven si stemme og medverknad i arbeidet med utredning, Individuell opplæringsplan (IOP) og evaluering av opplæringa. Korleis lærer eg best?

Vi har og (m.a) gjennom Kosipundersøkinga kartlagt at det er eit stort behov for fleire spesialpedagogar. Dette vert prioritert i vidarutdanninga av lærarar. Etterutdanning innanfor området atferdsvanskar er planlagt frå hausten 2023. Her skal vi mellom andre samarbeide med Terje Wårheim.

Det er profesjonsfellesskapa på skulane som skal utvikle og realisere felles verdiar og haldningar til betre inkluderande praksis. Felles forståing for kva dette betyr i praksis i klasserommet må utforskast av dei som møter elevane. Det er leiarane si oppgåve å leie dei tilsetthald e si læring. Dette er eit arbeid som vil halde fram dei neste skuleåra.

6 Konklusjon

Å få etablert ei felles retning for å få realisere styringssignala for ein betre inkluderande praksis har vore eit viktig og prioritert arbeid for Oppvekstsektoren i Giske gjennom denne perioden. Dette er eit prioritert arbeid den neste fireårsperioden.

Fagmiljøet, både i og rundt oppvekstsektoren i Giske kommune, har eit stort og målretta fokus på å utvikle varige betre praksisar for ein meir inkluderande praksis. Det er eit omforent ønske å redusere omfanget av spesialundervisninga.

Fagmiljøet legg til grunn at ein styrka tidleg innsats og ressurser til dette , saman med kompetanseutvikling for kvalitet, i både det allmenpedagogiske og det spesialpedagogiske er det som skal til for å kunne redusere omfang og ressursbruk til spesialundervisning på sikt.

Å ta i bruk ein felles Handlingsplan for retten til eit trygt og godt skulemiljø har gitt oss eit kunnskapsbasert verktøy i arbeidet med dette. Vi har og erfart at vi må arbeide systematisk for å få ei felles forståing for kva trygt og godt miljø betyr i dagleg praksis. Talet på elevane som ikkje opplever skulemiljøet trygt og godt er for høgt. Kommunalt FAU har vore ein viktig aktør i dette arbeidet. Tett samarbeid med føresette er ein føresetnad for å lukkast med dette viktige arbeidet.

Giske kommune er på Robek og har heller ikkje dette året greid å gi rammer for lovlege tenester i oppvekst. Ikkje oppfylt lærarnorm har ramma tidleg innsats særleg hardt. Dette har og gjort det svært krevande for tilsette som kvar dag har strekt seg langt for å legge til rette til det beste for elevane. Pandemi, høgt sjukefråver, konstitueringar i leiargruppa har og bidrege til at dette har vore eit utfordrande år i oppvekst.

Vi ser med uro og bekymring for eit auka sjukefråver knytt til stor belastning over år.

Realiseringa av ny skulestruktur har krevd ein stor innsats frå både tilsette og leiing i oppvekst. Å etablere ein felleskultur krev innsats og tek tid.

Politisk skuleeigar har vist vilje og gjort prioriteringar for lovleg drift i oppvekst.

Trass dei nemte utfordringane, saman med svært krevande rammer har Oppvekstsektoren denne perioden teke steg i forankra og ønska felles retning for å realisere visjonen «**Det var bra eg kom**»

Ei stor takk til både tilsette og skuleleiarar i skulane våre for det flotte arbeidet de legg ned for å levere gode tenester for barn og unge!